

Bukkejakt Mora de Rubielos

Denne jakta er i delar av reviret som vi jaktar Beceite steinbukk i, området er kjent for å levere verkelege kapitale råbukkar. Min samarbeidspartner forvaltar dette området sjølv, og han personleg vil fungere som guide. Bestanden av rådyr er ikkje stor, og det blir ikkje felt meir enn 10-12 bukkar årleg på det 20 000 hektar store reviret.

Du skal ikkje forvente å sjå mange bukkar på denne jakta, men i løpet av 3 dagar jakt bør du ha eit par sjansar til å felle ein fin bukk. Generelt er bukkar som blir felt i dette reviret frå 400 gram netto og oppover. Sesongen startar 1. april og varar til midten av november. Beste tida er frå 1.april til midten av mai, i denne tida er bukkane ute i det opne området for å ete dei ferske spirane.

Frå juni og utover finner rådyra mat og skygge i skogen, og eksponera seg lite. I brunsten som startar i midten av juli vil bukkane i hovudsak bevege seg om natta pga. varmen, og det er vanskeleg å jakte på denne tida.

Bukkejakt kan kombinerast med Beceite steinbukk i april/mai, enten ved å jakte Beceite steinbukk først og deretter råbukk. Det er og mogleg å felle råbukk for troféavgift viss sjansen byr seg under jakta på steinbukken.

Inntil 2 jegerar på same tid, ein flyer til Valencia der min samarbeidspartner tar deg/dykk i mot. Derifrå er det ein times køyring til reviret.

Område i kart: [Mora de Rubielos](#)

Innkvartering: <https://www.masialatorre.es/index.php/en/>

Prisoversikt:

Pris per jeger – 1690 euro

Inkluderer:

- All Transport
- Jaktlisens og Aragorn hunting federation kort
- Spansk jakt forsikring
- Feltmessig ivaretaking av trofé
- 3 jaktdagar
- 4 dagar med kost og losji
- Våpen deklarerering på flyplass
- Skatt 21%
- Bayerisk viltsporhund ved evt. ettersøk



Ikkje inkludert:

- Troféavgift råbukk uansett storleik – 1690 euro
- Flybillett
- Tips
- Pakking og frakt av trofé
- Klargjering til utstopping/koking av skalle - 150 Euro per trofé
- Evt. leige av våpen og ammunisjon - 125 Euro
- Ledsager - 250 Euro per dag
- Ekstra jakt dag - 300 Euro per dag
- Ved skadeskyting og eit resultatlaust ettersøk, vil ein måtte betale troféavgifta



post@reliajaktreiser.no
reliajaktreiser.no
Mob: + 47 95205880

